

BOKN

BYGDEBLAD

NR. 9

NOVEMBER 1989

ÅRG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

ILANDFØRING AV SLEIPNER-KONDENSAT TIL KÅRSTØ GIR INNTEKTER OGSA TIL BOKN.

Bokn kommune har fått tilsendt eit konsekvensuttreiingsprogram for prosjektet Sleipner-Aust, kondensattransport, til uttale. Det er Statoil som har utført konsekvensuttreiinga.

Utbyggjinga av Sleipner-Aust-feltet vart vedtatt av Stortinget i desember 1986, og forutsetninga var at kondensatet skulle ilandførast i Teeside i Storbritannia. 19. september i år vedtok rettighetshavaren å endra ilandføringsstaden for kondensatet til Kårstø.

Transportsystemet vil bestå av røyrleidning i havet frå Sleipnerfeltet til Kalstø på Karmøy, røyrleidning på land til Kårstø og terminalanlegg på Kårstø.

Konsekvensuttreiinga har ikkje påvist enkeltkonsekvensar med så negativt omfang at det blir spørsmål om transportsystemet bør utbyggjast eller ikkje.

Inntekter for Bokn

Positive konsekvenser av nyetableringa er auka sysselsetjing og leveransar av varer og tenester. Utreiinga viser til at det vert ein auke

i eigedomsskatt for Tysvær og Bokn - kr.4 mill. til Tysvær og kr.3 mill. for Bokn. Dette er 1989 kr. pr. år.

Bakgrunnen for inntekter til Bokn er ein fylgje av intensjonane i ein avtale mellom Bokn og Tysvær kommune om fordeling av utgifter frå gassbasert industri i Kårstø/Ognøyområdet.

I tillegg vil den kommunikasjonsmessige nærleik det nå vil bli mellom Kårstø og Bokn gjera det muleg for Bokn kommune å kunna få ein positiv busetjings- og sysselsetjings-effekt som fylgje av nyetableringa.

Inntektene vil gi Bokn kommune ein heilt annan økonomisk handlefridom enn tilfelle er i dag, då skatteinntekt p.g.a. utbyggjinga vil utgjera 20% av kommunen sine inntekter.

Transportsystemet vil vera klart for mottak av kondensat i første kvartal 1993.

Bokn formannskap behandla konsekvensuttreiinga den 24.oktober, og har i eit vedtak gitt merknader til dei ulike sidene ved prosjektet som går på sider som sysselsetjing, økonomi/inntekter, miljø/natur/fiskeri/akvakultur.


TRYGDEBUSTADER I BOKN

To plannemnder har i desse dagar lagt fram resultatet av eit arbeid som har pågått i lengre tid. Det er plannemnda for kommunale trygdebustader og plannemnda for HVPU-reformen (helsevernet for psykisk utviklingshemma) som i eit samarbeid har lagt fram resultatet av arbeidet sitt m.h.t. bustader. Plannemndene er oppnemnde av formannskap og kommunestyre.

Nemndene konkluderer med at det må byggjast 3 trygdebustader for eldre og ein bustad berekna for psykisk utviklingshemma.

Nemndene legg fram eit samla forslag om bustader i rekkje rett nord for Boknatun. Her vil det i 1. høgda bli ein bustad for psykisk utviklingshemma pluss ein hybel, og i andre høgda med direkte inngang frå gatenivå bli 3 bustader for eldre. Ei skisse av bustadene er utarbeidd av arkitektfirma Årreberg A/S og har ei kostnadsramme på kr. 2.540.000,-. Kvar av trygdebustadene er på 85 m².

Saka skal opp i helse- og sosialstyre, formannskap og kommunestyre før jul, og det skal då oppnemnast byggekomitè.



FASADE MOT SØR-AUST

NYTT SOKNERÅD I BOKN

Sigvart Våga
Kjell Kro
Sverre Øvrebø
Marie Vågshaug
Sigmund Alvestad
Leiv Våga

1.varamann Ingebjørg Ognøy
2.varamann Kari Are
3.varamann Anny Waage
4.varamann Anna Are
5.varamann Randi Are

Det nye soknerådet skal fungera frå årsskiftet, og skal såleis konstituerast før nyttår.

50-ÅRS JUBILANTEN

Den 1. oktober 1939 vart 17 boknarar konfirmert i Bokn kyrkje. Presten den gongen var Ragnar Værnes og kloakkar var lærar Severin Lygre.

Konfirmantane var: første rekkje frå venstre:

Edith Øvrebø, Martha Nedrebø, Margit Alvestad, Magnhild Vatnaland, Sigrid Jøsang, Agnes Håland, Tordis Alvestad, Asta Sæbø, Ruth Dirdal, Lina Kro og Herborg Trahaug.

Bak frå venstre:

Peder Waage, Ingolf Kro, Trygve Vatnaland, Selmer Thorland, Augustin Jøsang og Monrad Nygård.

Søndag 1. oktober 1989 var 12 av desse saman med ektefelle samla til festleg samvær på Bokn. Festlighetene starta med at alle samlast til

gudsteneste i Bokn kyrkje kor sokneprest Baardsen gratulerte jubilantane og sa mellom anna at han tykte det var gildt at festdagen starta med gudstenesta.

Deretter samlast deltakarane til festmiddag på Boknatun.

Fleire av 50-års konfirmantane hadde ordet under middagen og fortalde frå lesartida.

Olaug Hognaland les sjølvskrevne prologar med innhald frå Bokn.

Etter middagen samlast ein på Boknafjellet der Peder Waage hadde omvisning og fortalde om TV-sendaren. Kaffi og fløytekaker vart servert i messa og praten gjekk livleg. Samværet som alle tykte hadde vore gildt vart avslutta med song.

J.K.



STADNAMN I BOKN

FØRESVIK

er ein av dei eldste husmannsplassane på Bokn og låg under garden Sæbø. Staden var busett alt på 1600-talet og blei gjestgjevarstad kring 1660. Dette var siste staden reisande kunne ta inn før dei kryssa fjorden og den fyrste staden for dei som kom sunnantil. Ein tilsvarande gjestgjevar fanst på Tunge i Randaberg. Føresvik var ein sentral stad for distriktet gjennom heile 1700- og 1800-talet. Mellom anna var det ei stor bondesamling her under skatteopprøret 1764/65. I 1817 fekk Asbjørn Christophersen landhandlarløyve i "Vikjå" med særskilt plikt til å omsetja heimelaga vadmål og lerret. Såleis har Handelslaget gamle aner på staden.

Namnet kjem av det gammalnorske fyri som tyder eit område som blir tørrlagt ved fjøre sjø. Føresvik tyder altså vika der mykje av stranda blir tørrlagt ved fjøre sjø.

SÆBØ

tyder rett og slett "sjøgarden" og er sett saman av det gammalnorske sær som tyder "sjø" og bør som tyder "gard". Garden blei venteleg busett frå Boknaberg for minst eit par tusen år sidan og fekk namnet sitt frå denne storgarden. Sæbø har også lang strandline som strekkjer seg frå Boknahåve i nord til bekken som renn ned frå Boknabergsvatnet i sør.

Tidleg i mellomalderen høyrde garden tryleg til adelen. Me veit av slekta til Erling Skakke i Etne hadde store interesser her i bygda. På eitkvart vis har nok garden også tilknytning til adelen på Boknaberg.

Då den fyrste boknakyrkja blei reist kanskje kring 1200 e.Kr. og skulle haldast med eigen prest, var det nødvendig å gje jordegods til for at presten skulle ha noko å leva av. Slik hamna Sæbø saman med Søre Grøn- nestad og halve Aksdal under Bokn prestebol.

Etter reformasjonen var det ikkje lenger råd å halda eigen prest på Bokn. Gardane blei difor lagde til Falnes prestebol som dei høyrde til heilt utpå 1800-talet då bøndene gjorde seg til sjølveigarar.

Sæbø var av dei mellomstore gardane og romma før Svartedauden 2 - 3 bønder. Med pesta forsvann to av familiane og 1600-talet til endes budde det bare ein familie på garden. På 1700-talet kom det to familjar til.

BOKNABERG

var både den eldste og største garden i bygda. Etter landskylda (108 spann korn) var han dobbelt så stor som kvar av dei neststørste gardane Alvestad, Vatnaland og Øvrebø. Det må ha budd bønder på Boknaberg sidan tidleg i bronsealderen. På den tida omfatta garden det meste av øya.

Fram til for kring 1500 år sidan blei dei andre gardane litt i senn skilde frå denne storgarden. I mellomalderen høyrde Boknaberg til adelen og var kanskje også adelssæte. Difor var det naturleg at kyrkja blei reist nær det gamle tunet på garden.

Boknaberg var også den garden som i størst grad heldt oppe busetnaden gjennom Svartedauden og pestane. Det budde aldri færre enn tri brukarar her medan det før Mannedauden kan ha vore fem.

Namnet er det ikkje vanskeleg å forklara. Gardstunet låg rett under Boknafjellet og fekk namn etter det. Jamvel i dei eldste skrivne kjeldene frå fyrst på 1500-talet blei garden kalla Boknaberg. Men det kan jo tenkjast at han i retteleg gammal tid for eit par tusen år sidan bare blei kalla Bokn.

Birger Lindanger

NÅ GÅR VI SAMMEN OM BØKER

I BIBLIOTEKET BLIR DET UNDER AKSJONEN DELT
UT INFORMASJONSBROSJYRE OM Å LESA HØGT FOR
KVARANDRE, SKRIVE AV JO TENFJORD, DER INNGAR
DET OGSÅ EIN "HØGTLESINGSKONTRAKT". SENDER
FAMILIEN INN DENNE, BLIR DEI MED I TREKNINGA
OM EIN TODAGARS TUR TIL OSLO ELLER BERGEN.

ELLERS HAR BIBLIOTEKET UTSTILT BØKER SOM
EGNAR SEG TIL HYGGELIGE HØGTLESINGSSTUNDER.

BARNEBOKAKSJONEN 1989

SAMMEN OM BØKER

- Skriv hva du mener om en bok
- Tegn en ny forside til den
- Vil du delta i bokkonkurranser?
- Vil du vite mer om å lese høyt?
- Vil du delta i Barnebokaksjonen 1989?



Stedet er . BOKN FOLKEBIBLIOTEK ...

30.oktober - 5.november.


BARNEBOKAKSJONEN 1989

EVENTYRFIGUROPPGAVE

I DETTE "KRYSSORDET" HAR VI LAGT INN NAVNET PÅ MANGE FIGURER FRA
EVENTYR OG BARNEBØKER OG TEGNESERIER.

NOEN FINNER DU VED Å LESE NEDOVER, ANDRE NÅR DU LESER BORTIDYER, OG
NOEN FINNER DU HVIS DU LESER PÅ SKRÅ!

FINN SÅ MANGE FIGURER DU KLARER





Navn.....

Adresse.....

Alder.....

LEVER SVARET PÅ BIBLIOTEKET I AKSJONSUKA,
OG BLI MED I TREKNINGA OM TRE BOKPREMIAR.



TO OG TO BILDER HØRER SAMMEN. HVILKE ?

SKRIV NUMRENE PÅ BILDENE SOM HØRER SAMMEN HER:

NR OG NR

NR OG NR

NR OG NR

NR OG NR

NR OG NR

NAVN.....

ADRESSE.....

AR:.....

LEVER SVARET PÅ BIBLIOTEKET I AKSJONSUKA,
OG BLI MED I TREKNINGA OM TRE BOKPREMIAR.

RØDE KORS INNLEGG!

Fredag den 20.oktober 1989 vert det halde allmøte på Boknatun. Kopervik Røde Kors var her og orienterte om Hjelpekorps, Besøks-teneste og litt om Ungdomens Røde Kors. Det var ikkje så stort fram-møte frå Boknarane, men dei som var der virka intereserte. Det som først og fremst blir sett i gang er Hjelpekorps og Besøks-teneste.

Dei som er intereserte i å vera med i Hjelpekorpsset må ha første-hjelpskurs på 27 timar, som vert halde 3t x 9 kveldar, første kurs-kveld var fredag 27.oktober. For å vera med i Besøks-tenesta må du og ha eit kurs, det blir satt i gang etter jul.

Dette vil det blitt gitt nærmare informasjon om.

RØDE KORS JULEKALENDER

Frå Karmøy Røde Kors vil me få til-delt 200 stk. av den populære ad-ventkalenderen som eindel boknarar sikkert kjenner til. Bokn Røde Kors vil starta salget uti november, pri-sen blir ca. kr.25,-.

Det blir trekning kvar dag, og premi-ane stig i verdi utetter i desember, det blir bl.a. gavekort, video, ei veker ferieopphald for to i Valdres - og 24.desember er premien eit far-gefjernsyn til over 7.000 kr.

Trekningane blir kunngjort dagleg i Radio 102 og i Haugesunds Avis. Julekalenderen vil komma i salg frå uti november - sjå etter Bokn Røde Kors ute "i felten" når desember nærmar seg.

Ein kan òg ringja Audhild Våge: tlf. 74 86 32 eller Anne Lise Trosnavåg: tlf. 74 83 55 for bestilling av ka-lenderen.



Sovande naüst

Dempa av tungt haustmyrkje
kan bylgjeskvulp knapt høyrast.
Heller ikkje det tilfredse sukket
frå eit sovande naust.

Tilfreds knirkar det sakte med ein laus lem
som eg har gløymt å feste.

Glyttar litt gjennom ei manglande bordfjøl.

Konstaterer at alt er som det

— sovande.

Ein fisk vaker ute på vågen.

Sei, venteleg. Har aldri ro den fisken.

Naustet vaknar halvt. Rister litt på ein lugg
av halvmorkna bomullsnot som stikk ut
gjennom bordkledninga

Like lenge sidan den har vore i sjøen
som det er lenge sidan det var brisling

i fjorden.

Naustet drøymer. Tunge, men hurtige steg
hastar over naustloftet. Lemmen for

gluggen vert riven bort.

Gryande dagslys lyser opp over garr og nøter
som ligg i haugar rundt på golvet.

Eit mannemål ropar. Dreg i eine nothaugen.

Finn røtøyra, og går etter ende ut gluggen.

Utomodige menn rotar rundt på golvet.

Småbannende leitar dei fram liner og kaggar,
loddesnøre og steiniler.

Tauet er dårleg og kaggane lekk.

Fiskaren bannar. Det var dette han skulle ha
skifta ut og reparert i vinter

Sidan glimtar det i silderisp.

Fossar av sild. Kvinner står skinande i

sildestimen og saltar.

Mat for mange og pengar til få.

Det er lenge sidan naustet såg sild nå.

Naustet vaknar. Ein flokk måkar har

funne åt ved brygga.

KNUT UR.

VI PRESENTERER RØDE KORS HJELPEKORPS

Norges Røde Kors har fire godkjente spesialavdelinger: Barnehjelpen, Besøktjenesten, Ungdommens Røde Kors (URK) og Hjelpekorpsset. To av spesialavdelingene er spesielt dannet for å ta seg av barn og ungdom; Barnehjelpen og Ungdommens Røde Kors. Mange ungdommer er også med i Røde Kors hjelpekorps. Her omtaler vi nærmere hjelpekorpsset, i neste nummer av bygdebladet presenterer vi besøktjenesten som Else Nilssen er leder av. URK-avdelingen håper vi å komme igang med senere.

27-timers kurset i førstehjelp er nå igang, og så snart vi får en noenlunde oversikt over hvem og hvor mange som ønsker å begynne i hjelpekorpsset, setter vi opp et interimstyre som skal fungere fram til årsmøtet i januar 1990. Vi håper å få tak i hensiktsmessige lokaler, både til kontor, møtelokale og depot for førstehjelps- og redningsutstyr som etterhvert anskaffes.

Norges Røde Kors er en beredskapsorganisasjon, beredt til å hjelpe mennesker i nød. Hjelpekorpsene er den største frivillige alarmberedte førstehjelpsenehet i landet, som med sine mer enn 20.000 aktive kvinner og menn fordelt på over 340 hjelpekorps er klar til å rykke ut ved ulykker og katastrofer av alle slag. Redningstjenesten kan tre i aksjon på kort varsel, og er i Norge organisert under politiet. Det vil si at under utrykning er redningstjenesten underlagt politiets koordinerende ledelse på lik linje med andre redningsressurser som helsevern, brannvern, forsvaret og andre. Alt arbeid utføres uten godtgjørelse i noen form. Medlemmene utdanner seg i sin fritid i førstehjelp, slik at de til enhver tid er best mulig forberedt til å møte de oppgaver de måtte bli stilt overfor.

Hele Bokn vil om kort tid få fastlandssamband og stor gjennomgangstrafikk, vi må derfor være forberedt på både store og mindre trafikkulykker. Med sjø rundt oss på alle kanter er også sjø- og strandredning aktuelt, og vi ønsker gjerne folk med dykkersertifikat velkomne i Bokn Røde Kors hjelpekorps.

For å være med i hjelpekorpsset må du ha førstehjelpskurset på 27 timer, og du må være fylt 17 år. (Vi kan også ta med ungdom ned til 14 år, disse får ikke være med på utrykninger, men deltar ellers på kurs og øvelser og sammenkomster forøvrig). Senere arrangeres videregående kurs og spesialkurs både lokalt, distriktsvis og sentralt. Med regelmessige mellomrom arrangeres øvelser i terrenget og prøveutrykninger.

Som medlem av Røde Kors hjelpekorps bruker du fritiden til viktig samfunnsnyttig innsats. Først og fremst lærer du førstehjelp, noe som kan komme til nytte i mange situasjoner. Du får grundig opplæring ved alle slags skader, legger forbindinger og trenes i forskjellige former for pasienttransport. Du lærer livredning, strandredningstjeneste, om snøskred, fjellredningstjeneste, ettersøking, innsats på skadested, bruk av kart og kompass, bruk av sambandsmidler. Fjellredningstjeneste er en viktig del av virksomheten for mange hjelpekorps, og hjelpekorpsmedlemmer i Bokn som er interessert i dette kan bl.a. få bruke påsken på Røde Kors-hytter i Sauda og ha vaktstjeneste der sammen med hjelpekorpsfolk fra Karmøy.

Ved alle slags møter og arrangementer kan hjelpekorpsset ved behov stille mannskap slik at de straks kan ta seg av folk som er blitt skadet. Røde Kors' mange hjelpekorps har depoter med komplett førstehjelpsutstyr, radiosendere, søkningsutstyr, katastrofelager med forbindingsmaterieell, transportmaterieell og utrykningsbiler for mannskapene.

Vi er helt i startfasen her på Bokn og foreløpig har vi svært lite penger, så vi får starte i det små og bygge oss opp jevnt og trutt, til vi får et godt utdannet, solid hjelpekorps som kan stå på egne ben og bli i stand til å yte sin del til en god beredskap i Bokn kommune.

Vi håper på god støtte for Røde Kors fra hele Bokns befolkning og våre folkevalgte.
Blå Røde Kors medlem du også!

Med hilsen
Bokn Røde Kors
v/Audhild Våge

AUSTRE BOKN ER LANDFAST

KAN KJØRA DIREKTE TIL HAUGESUND FØR JUL

Ognasundet bru vart støypt saman den 5.oktober.Det står att oppsettjning av rekkverk. Brua ser ut til å bli ferdig i god tid før kontraktsdatoen som er 23. desember i år.

Vegen over Austre Bokn er ferdig asfaltert.Arbeid med lys i tunnelen er i gang,og deretter skal det leggest asfalt.Tunnelen skal malast kvit dei første 2 m. opp frå kjørebanelen.

Boknasundet bru er under arbeid,og landkar i akse 1 (Austre Bokn) er ferdig støypt.Det same er søyle i akse 2.Arbeid i samband med førebuing til støyping av sjølve brua pågår,og det er under arbeid ein slags "taubane" over sundet. Til søyle på vestsida er arbeidet i gang med å bora foringsrøyr ned i fjell.Massive stålpelar skal deretter gyses fast inne i foringsrøyra.Rundt øverste del av pelane skal det så støypast ei betongplate som skal vera fundament for søyla.

VEG OVER VESTRE BOKN

Vegen er asfaltert frå Alvestadkroken til Industrivegen ved Knarholmen.Arbeidet med støyvollar og skjermar i Alvestadkroken er ferdig.Industrivegen bru starta 9.oktober.

ARSVÅGEN FERJELEIE OG MOLO

Utforming av ferjeleie og oppstillingsplassar er klart.Konsulent er i gang med å laga anbudsgrunnlag for bl.a. betongkonstruksjonar og ferjelemmar.

FRAMDRIFTSPLAN

Det ser ut for at strekinga frå Susort til Boknasundet kan åpnast for trafikk rundt midten av desember.

Bru over Boknasundet er planlagt ferdig til 1.oktober 1990.

Heile prosjektet med ferjeleie og veg til Arsvågen vil sannsynlegvis stå ferdig 1.juni 1991.

SR-BANK 150 ARS JUBILANT

19. oktober var tidlegare Egersund sparebank, no SR-Bank Egersund, som ein av dei eldste sparebankar i landet, 150 år.

Sparebankvesnet har vore ei viktig brikke i utviklinga av lokalsamfunna, og i samband med jubileet er det laga eit bokverk om bankens utvikling.

Dette er for gjennomsyn og sal i bankens lokaler.

Alle kundene våre er velkommen innom for å ta ein kikk på verket over ein kaffikopp.



SR-BANK Bokn

PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR:

I DAG: BOKN VETERAN MOTORSYKKELE CLUB

Dette er eigentleg ein underavdeling, då dei fleste av oss er medlemmer i NVMC's - Norsk Veteran Motorsykel Club - lokalavdeling på Haugalandet.

Me er ein liten klubb, ca. 8-10 medlemmer, så her er god plass til fleire. Det er ikkje noko krav at ein har sykkel, så dersom det er interesse så er det berre å ta kontakt.

Om det er få medlemmer, så er antall sykler stort, ca. 25-30. Ikkje alle er i like god stand, andre er like gode som nye. Ein del av medlemmene har òg andre motorer, traktorer, stasjonærmotorer, båt-motorer o.s.v.

Klubben har både verkstad og klubbhus (dårlig stand). Verkstaden er utstyrt med ein del verk-tøy, bl.a. løftebukk for motorsykkel. Det neste som skal kjøpes inn er dreiebenk.

Ein stor fordel med veteran-sykel, - dvs. minst 30 år gammel - er at ein slepp å betale årsavgift (ca. 1.100 kr.) og omsetningsavgift. Så når først sykkelen er restaurert slepp ein å irritera seg over avgifta til staten. Det som må betalast er vanleg ansvarsforsikring, men den er billig.

Hausten og vinteren er "mekketid", men når våren kjem er det tid for å ta "jernet" ut i sola.

Klubben arrangerer veteranstevner og er elles med på fellesturar med andre.

Tidleg i vår hadde me bl.a. ein nydeleg tur til Skånevik, Rosendal, Løfallstrand, Husnes, Tysnes, - Stord og så heim att. 30 nydelege mil i solskinn og problemfri sykkel (for dei fleste).

Vel dette var i korte trekk litt om Bokn VMC.

Ottar

INGVAR MOE TIL BOKN

Torsdag den 16. desember kjem forfatteren Ingvar Moe til Bokn. Han skal møta elevar ved Bokn skule på dagen, ha barnetime ved biblioteket kl. 17 og kåsera under titelen "Skjemt og alvor i Bygde-Noreg" kl. 19.00 i Allrommet i Boknatun.

Ingvar Moe har skrive bøker både for barn og vaksne. For barn m.a. Garm-bøkene og Oldemor-bøkene, for vaksne m.a. diktsamlingar som "Løktastolpefrø", "Berre litt, altså" for å nemna noko. Han har gitt ut

romanar, m.a. "Rundt sjøen" (1986) og andre. Mest kjend er han kanskje som humoristisk morgonkåsør i radioen.

Kulturstyret vil sørgja for kaffi og litt attåt.

Ungane er velkomne til barnetime i biblioteket/allrommet kl. 17.00, og alle andre til allrommet kl. 19.00.

Arrangørar er biblioteket og kulturstyret.

PSK

Denne gongen er desse to sidene laga av ei PSK-gruppe på skulen. 4-6 klasse har starta med noko som heter PSK tre timar i veka. PSK står for Praktisk, Sosialt og Kulturelt arbeid. I desse timane skal elevane vera med på aktivitetar i og utanfor skulen.

I 4-6 klasse er me 36 elevar.

I PSK-timane er me delt i fire grupper med ni elevar i kvar.

Ei gruppe arbeider med Bvgda-bladet.

Ei gruppe arbeider med morgon-samling.

Ei gruppe er i barnehagen og på gard.

Ei gruppe er på sjukestova og med pensjonistar.

Me byter etter fire veker slik at alle får vera med på alt.

INTERVJU med Annemor Hognaland.

Kva er kjekkast med jobben?

Arbeida med borna.

Når du føler at borna er glad i deg.

Kva skal elevane gjere når dei kjem opp i barnehagen?

Delta i dei vanlege rutinene.

Vere med å leika ute, og læra dei leiker.

Kvifor vil de at elevane skal koma opp i barnehagen?

Fordi det var spanande å prøva.

Kanskje elevane og personalet lærer noko.

Elevane kan inspirera dei.

Korleis likar du jobben?

Godt, men det krever mykje arbeid.

INTERVJU med Else Nilssen

Korleis likar du jobben?

Kjempegodt. Eg storkosar meg.

Kva er kjekkast med jobben?

Når du ser at du har gjort jobben godt. Det ser du når den du har gjort jobben for er tilfreds. Da er det kjekt.

INTERVJU med Sigmund Alvestad.

Korleis liker du å vera bonde?

Eg likar det godt fordi eg har eit svært variert arbeid. Men det er mange dagar det er travelt.

Kvifor vil du at elevane skal koma til deg?

Fordi eg vil at dei skal få lera litt om korleis dvra lever.

og korleis det er å gi dei mat, og kva mat dei et.

Eg vil og at elevane skal få sjå kva arbeid det er på ein gard og kor mykje arbeid det er.

Kva skal elevane gjera når dei kjem til deg?

Det kjem an på kva årstid det er, og korleis veret er.

Er det om hausten er det mykje som skal berast i hus før vinteren. Om våren er det såing og planting. Dessutan må me gjera klart for å sleppa ut dvra. Om vinteren blir det helst rydding. Er vi heldige kan det henda at ein får sjå grisane få born.

INTERVJU med Terje Øvrebo.

Kva synest du om PSK?

Det er litt kjekt.

Kva gruppe er du på nå?

Eg er på morgonsamlings-gruppa.

Kva driv morgonsamlings-gruppa på med?

Morgonsamlings-gruppa lagar program til ein time med samling, som 4-6 klasse har kvar torsdag.

Kvifor trur du at me har PSK?

Fordi me skal læra å ta ansvar.


Kvifor vil de at elevar skal koma ned til sjukeheimen?

Fordi det er for stort skille mellom unge og gamle.

Kva skal elevane gjera når dei kjem ned til sjukeheimen?

Dei skal prøva å finne ting som gleder begge partar, både for unge og eldre.

BARNE SIDE



GATER.

Kva er det som går opp og ned og ikkje rører seg ?

(Trappa)

Kvafor eit dyr er sterkast i verden.

(Snegelen, den bærer huset på ryggen)

1. Har me på bøkene.
2. Ryddejobb på skulen.
3. Mann med krone.
4. Kommer på julaften.
5. Oppslagsbok.
6. Arstid.
7. Hva er det om vinteren.
8. Bruker korpset når de opptrer.
9. Dag i påsken.
10. Tall.

Kan du hjelpe Skruve med å finna pengebingen sin ?

Løysningen kjem i neste blad.


VITSAR.

Et esel så en gang en sebra og sa : Eg ante ikkje at noen i vår familien hadde vert i fengsel.


LEREREN: Fer kor ligg India.
FER : på side 34.

LEREREN: Si to pronomer.
FER: hvem , eg.
LERERN: Helt riktig.

Fengselsdirektøren samlet alle fangene og sa: Lørdag feirer me 30 års jubeleum her. Korleis tykkjer de at me skal markere det. Kva med åpent hus!



Løys rebusen!




Barnesida denne gong er laga av Torstein M. Gudmund, Anja, Grete og Kristin.

Kost og kolesterol

Kolesterolinnhaldet i blodet heng mellom anna saman med kosthaldet vårt. I dag inneheld kosten meir feitt enn tidlegare.

Den auka feittbruken — og særleg feitt som inneheld såkalla metta feittsyrer — har vore med på å auke kolesterolinnhaldet i blodet.

Ved at ein legg om kosten litt har det vist seg mogleg å minske kolesterolinnhaldet i blodet.



Brødmåltider

Bruk:

- Grovt brød rikt på kli, eventuelt med tynt lag soyamargarin.
- Skummamjolk (søt eller sur).
- Tomat, agurk, all slags frukt og grønnsaker.
- Rein fisk av alle slag, sild, sardinar, reint kjøt.
- Magre ostar av alle slag.

Middagsmåltider

Bruk:

- Grønnsaker, frukt, poteter.
- Rein fisk, kvalkjøt, fjørkre.
- Reint kjøt.
- Olje til saus (soya-, mais-, solsikke).
- Vatn til drikke.
- Frukt til dessert.

Bruk minst mogleg, eller unngå:

- Heilmjolk, fløyte, krem.
- Feite ostar (mange av dei vanlege gule ostane er feite, det same gjeld G35 og H33).
- Feite pølser.
- Dagleg leverpostei
- Dagleg eggeplomme.

Bruk minst mogleg, eller unngå:

- Feit farsemat, særleg av kjøt.
- Feite sausar som ikkje er laga av olje.
- Synleg feitt på kjøt (skjer bort).
- Dagleg bruk av krem, fløyte, heilmjolk.
- Dagleg bruk av sukra saft, øl, vin.



BOKN KOMMUNE

LEDIG STILLING

HEIMESJUKEPLEIESJEF/STYRAR I 1/1
STILLING LTR.25.
2 HALVE STILLINGAR SOM SJUKEPLEIAR
(NATT) LTR.16-20.

Frå 01.03.90 er det p.g.a. oppnådd
aldersgrense ledig 1/1 stilling
som heimesjukepleiesjef/styrar ved
Bokn sjukestove.
Ansvars og arbeidsområdet er pleie-
og omsorgstenesta i kommunen med m.
a. sjukeheim, heimesjukepleie og
heimhjelpsordning.
Ein ynskjer å tilsetja off. god-
kjend sjukepleiar som også bør ha
administrativ utdanning og praksis
frå leiande stilling.

Frå 1.01.90 er det ledig 2 halve
stillingar for sjukepleiar (natt).
Dersom det ikkje melder seg kvali-
fiserte søkjarar til dei to halve
stillingane, kan anna personale med
utdanning og/eller praksis frå re-
levant arbeid søkja og få tilsetj-
ing for 1 år.

I alle stillingane vart det lagt
stor vekt på fleksibilitet i ar-
beidet og evne til samarbeid.

Tilsetjing på vanlege kommunale
vilkår.
Dei som vert tilsette, må retta seg
etter dei endringar i arbeidsom-
råda som vert fastsett.

Opplysningar om stillingane får
ein ved å venda seg til helse- og
sosialsjef eller rådmann tlf.(04)
74 85 00.

Søknad med avskrift av attestar
og vitnemål sender ein til Bokn
kommune, administrasjonsutvalet,
4290 Føresvik.

Søknadsfrist: 20.november 1989.

INFLUENSA-VAKSINE

Ein del influensa vaksine er no kome.

Ta kontakt med doktorkontoret.
Pris kr.50,-.

Målfrid

BOKN SKULEKORPS 25 ÅR

Korpset fyller 25 år i disse dager.
Dette skal feires med 2 arrangemen-
ter i november måned.

Den 10. er det duket for stor jubi-
leumsfest på skolen.
Vi startar kl.18.30.

Det blir fest-middag, taler hører jo
med, underholdning og selvfølgelig
musikk.

Vi har også vært heldige å få tak i
Per Inge Torkelsen, i skikkelsen
Messieur "M", som skal opptre og lage
"Ablegøyer".

Foruten dagens musikkanter m/foreld-
re, er alle forhenværende korpsmed-
lemmer, dirigenter og formenn invi-
tert.

Prisen for kvelden, blir på kr.150,-
pr. person. Korpsmedlemmer og spesi-
elt inviterte gjester - gratis.

Den 19.november er det så klart for
Jubileumskonsert i gym-salen på sku-
len.

Den starter kl.14.00 og varer i ca.
3 timar, pausen inkludert. Det blir
servert kaffe og kaker i pausen.

Foruten Jubilanten selv, skal også
Bokn Brass delta. Deltakerene i dette
korpset er jo stort sett bare gamle
medlemmer i Bokn Skulekorps.

Dessuten vil vi også få besøk av
Førre Skulekorps, med drillgruppe.

Vi syntes det var fint å få hyggelig
besøk fra vår nabokommune og håper
på at vår nye fastlandsforbindelse
vil føre til mye samarbeid i tiden
som kommer.

Så kjære Boknarar (og andre), legg
ettermiddagskaffen til skolen. Hør på
mye fin korpsmusikk og se på fin
drill-oppvisning.

Vær velkomne!

Geir T.Christiansen

ARRANGEMENT I NOVEMBER

- fred. 3.nov. Bingo.
Arr.: Idrettslaget.
- torsd. 16.nov. Barnetime på Biblioteket v/forfatteren Ingvar Moe.
- torsd. 16.nov. "Skjemt og alvor i Bygde-Noreg" v/Ingvar Moe.
- laurd. 18.nov. Dans.
Arr.: Bokn Brass/ Idrettslaget.
- sønd. 19.nov. Jubileumskonsert.
Arr.: Bokn skulekorps.
- tirsd. 28.nov. Basar.
Arr.: Barnefor. Havdur.



KROKALOFTET

Eg har nå 10% rabatt på alle helse-hudpleieproduktene og make-up.

Kanskje en julegaveide?

May Elisabeth

MAKE-UP KURS

Lett innføring i hudpleie og make-up for tenåringer.

Henv. tlf. 74 83 24 - May Elisabeth

AMBULERANDE VAKTMEISTER

Bokn kommune har ei ordning med ambulerande vaktmeister. Vaktmeisteren er eit supplement til heimehjelp, dvs. at han kan gi hjelp til småreparasjonar inne og ute.

Ein forutsetnad for å motta hjelp frå ambulerande vaktmeister er at heimane sjølv ikkje kan klara å løysa dei aktuelle arbeidsoppgåvene.

Bestilling av oppdrag skjer til sosialkontoret. Eigenandel som for heimehjelp.

BARNEHAGEN

HAR HATT KAKEUTLODNING

INNTEKTA GÅR TIL REDD BARNNA

Onsdag den 4. oktober hadde barnehagen kakeutlodning til Redd Barna. 6-årsgruppa selde lodd, kaffi og vaffer, og foreldra var til stades. Dei fekk inn 576 kroner som går til Redd Barna.

MODERASJON

PÅ REISE TIL TEATER

Fylkeskultursjefen gir 50% moderasjon på gruppereiser til teaterforestillinger i Stavanger eller Haugesund. Ta kontakt med kulturkontoret i Bokn dersom din organisasjon har planar om slik tur.

BOLIGTOMT

ønskes kjøpt

tlf. 777455 før kl. 15.00

tlf. 827025 e. kl. 18.00.